

# AVTALE OM REGULERINGSPLAN FOR KOPPERSEVJA.

Avtale partar :

Fedje kommune - FK

Grunneigar kring Koppersevja

Gnr. \_\_\_\_\_, Bnr. \_\_\_\_\_

Namn : \_\_\_\_\_

Bustadadresse : \_\_\_\_\_

Postnr: \_\_\_\_\_ Poststad : \_\_\_\_\_

Deltek i spleiselaget med : \_\_\_\_\_ kr

Fedje kommune vil på vegne av grunneigarane kring Koppersevja administrera arbeidet med å laga ein privat detaljreguleringsplan for Koppersevja og området kring. Planen skal gjera det mogeleg å utdjupa innløpet og å mudre sjølve evja.

Arbeidet skal starta når grunneigarane til saman har betalt 100.000,- kr til Fedje kommune. Dersom det ikkje er betalt 100.000,- kr innan tre månader etter at avtalen er underteikna av tilstrekkeleg tal partar, opphører avtalen og Fedje kommune vil betala pengane attende. ( Det er 15 eigedomar kring evja inkl. den Fedje kommune eig )

Fedje kommune er ein av grunneigarane kring evja. Fedje kommune betalar ikkje som grunneigar.

Fedje kommune er ansvarleg for kostnadene med å laga planen. Dersom kommunen sine kostnader vert mindre enn 100.000,- kr inklusiv gebyr til kommunen for handsaminga planen (21.000,- kr), vert overskytande betalt attende til avtalepartane.

Fedje kommune kan ikkje garantera at det vert muleg å få planen vedteken. Denne avtalen bind ikkje FK til å gjera bestemte vedtak etter plan- og bygningslova eller andre vedtak.

Fedje kommune skal laga planen i samarbeid med dei som har betalt. Dersom det vert usemje mellom avtalepartane, er det Fedje kommune som har siste ordet.

Fedje kommune skal syte for god framdrift i planarbeidet.

Tilskotet til reguleringsplanen skal betalast til Fedje kommune, kontonr. 3490.05.20400.  
Merk betalinga med Reguleringsplan.

\_\_\_\_\_  
grunneigar

\_\_\_\_\_  
for Fedje kommune

Vedlegg :      kart som syner eigedomane kring Koppersevja  
                 Oversyn over grunneigarar kring Koppersevja